
Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: onsdag 31. oktober 2018 15:11
Til: Postmottak Meland
Emne: Oversender melding - Meland - Skader på demning i Mjåtveit natur- og rensepark

Kategorier: Grønn kategori

Vi viser til oversendt brev dagsett 17. oktober i år om skade på demning i Mjåtveit næringspark. De lurar på om skadane på demningen kan hindre/påverke mål om gjenutsetting av elvemusling i Mjåtveitelva.

Med bakgrunn i den vedlagte informasjonen, med blant anna vurdering frå forskar ved LFI Norce og Mjåtveitlvens forening, ser det ut til at demningen ikkje lenger fungerer som tiltenkt, ettersom det renn vatn under demningen og ikkje berre over toppen av denne. Det resulterer i kortare opphaldstid og mindre sedimentering av partiklar i bassenget, og såleis ei auke av partikkelutslepp i vassdraget.

Vi kan ikkje reetablere elvemusling i Mjåtveitelva før miljøtilstanden er leveleg. Vi vurderer det slik at ein redusert effekt av bassenget er sterkt uheldig og at ei auka partikkelavrenning vil kunne påvirke levекåra for elvemusling i vassdraget.

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
miljøvern- og klimaavdelinga